



AUSTRHEIM KONTROLLUTVAL

MØTEUTSKRIFT SAK 23/23 - RAPPORT FORVALTNINGSREVISJON

Til Austrheim kommunestyre ved ordfører

Kontrollutvalet har i møtet 22.09.2023 handsama sak 23/23 Rapport forvaltningsrevisjon.

Saka skal oversendast til kommunestyret, jamfør § 4 i forskrift om kontrollutval og revisjon, og kommunestyret gjer endeleg vedtak i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet.

Ber om at ordfører/politisk sekretariat kommuniserer direkte med forvaltningsrevisor for avtale om presentasjon av rapporten for kommunestyret.

Utskrift av protokoll og saksframlegg ligg under.

23/23 RAPPORT FORVALTNINGSREVISJON

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet har handsama forvaltningsrevisjonsrapporten «Kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk» datert 15.09.22, og meiner denne svarar på dei problemstillingane som vart sett i kontrollutvalet si bestilling.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til revisor sine tilrådingar og gjev innstilling til kommunestyret om å be kommunedirektøren om:
 - informerer dei tilsette om innhaldet i kompetanseplanen og gjer denne kjent i organisasjonen
 - vurderer å gjennomgå dei ordningane som er for vidareutdanning saman med tilsettere representantar og einingsleiarar og samle innspel til kva det eventuelt er som gjer at ordningane ikkje blir vurdert som gode og sjå på aktuelle tiltak for å gjere dette meir attraktivt slik at tilsette i større grad gjennomfører ynskt kompetanseutvikling.
 - vurderer å etablere ein arbeidsgjevarpolitikk og arbeidsgjevarstrategi som synleggjer korleis ein skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar ovanfor både nye og eksisterande medarbeidarar.
 - i samarbeid med einingsleiarar og tilsettere representantar arbeide med dei tilhøva som vert tatt opp i 10-faktor og spørjeundersøkinga.
 - følgjer opp at medrbeidarsamtalar vert gjennomført i samsvar med interne rutinar
 - gjennomgår og drøftar korleis kommunen og leiarane på ein god måte kan følgje opp medarbeidarsamtalane både på individnivå og på einings- eller sektornivå.
3. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å be kommunedirektøren leggja fram ein skriftleg framdriftsplan for korleis og når tilrådingane skal følgast opp. Framdriftsplanen bør leggjast fram for kontrollutvalet med kopi til kommunestyret til neste kontrollutvalsmøte 2024.



4. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å be rådmannen om å få ein skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan 3. kvartal 2024.

BEHANDLING I MØTET

Saka vart handsama etter sak 21/23. Forvaltningsrevisor, Ragnhild Kartveit Høyland, presenterte forvaltningsrevisjonen i møtet.

Svarprosenten ved undersøkinga er låg, 33%. Tidspunktet for undersøkinga var i sommarmånadane med frist ut i september. Det kan være uheldig å sende ut spørjeundersøking på dette tidspunktet mtp. ferieavvikling. Undersøkinga støtta av rapporten gjev likevel ein indikator på tilstanden i kommunen innanfor helsesektoren.

Kontrollutvalsmedlemmene kommenterte og stilte spørsmål.

Kontrollutvalet ynskjer at revisor presenterer rapporten i kommunestyremøte. Revisor kom med forslag om å presentere rapporten for nytt kontrollutval, noko kontrollutvalet var einig i.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Kontrollutvalet har handsama forvaltningsrevisjonsrapporten «Kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk» datert 15.09.22, og meiner denne svarar på dei problemstillingane som vart sett i kontrollutvalet si bestilling.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til revisor sine tilrådingar og gjev innstilling til kommunestyret om å be kommunedirektøren om:
 - informerer dei tilsette om innhaldet i kompetanseplanen og gjer denne kjent i organisasjonen
 - vurderer å gjennomgå dei ordningane som er for vidareutdanning saman med tilsettere representantar og einingsleiarar og samle innspel til kva det eventuelt er som gjer at ordningane ikkje blir vurdert som gode og sjå på aktuelle tiltak for å gjere dette meir attraktivt slik at tilsette i større grad gjennomfører ynskt kompetanseutvikling.
 - vurderer å etablere ein arbeidsgjevarpolitikk og arbeidsgjevarstrategi som synleggjer korleis ein skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar ovanfor både nye og eksisterande medarbeidarar.
 - i samarbeid med einingsleiarar og tilsettere representantar arbeide med dei tilhøva som vert tatt opp i 10-faktor og spørjeundersøkinga.
 - følgjer opp at medarbeidarsamtalar vert gjennomført i samsvar med interne rutinar
 - gjennomgår og drøftar korleis kommunen og leiarane på ein god måte kan følge opp medarbeidarsamtalane både på individnivå og på einings- eller sektornivå.
3. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å be kommunedirektøren leggja fram ein skriftleg framdriftsplan for korleis og når tilrådingane skal følgast opp. Framdriftsplanen bør leggjast fram for kontrollutvalet med kopi til kommunestyret til neste kontrollutvalsmøte 2024.



4. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å be rådmannen om å få ein skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan 3. kvartal 2024.

Framlegg til vedtak i kommunestyret:

1. Kommunestyret har handsama forvaltningsrevisjonsrapporten «Kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk» datert 15.09.22, og meiner denne svarar på dei problemstillingane som vart sett i kontrollutvalet si bestilling.
2. Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar og ber om at kommunedirektøren:
 - informerer dei tilsette om innhaldet i kompetanseplanen og gjer denne kjent i organisasjonen
 - vurderer å gjennomgå dei ordningane som er for vidareutdanning saman med tilsettere representantar og einingsleiarar og samle innspel til kva det eventuelt er som gjer at ordningane ikkje blir vurdert som gode og sjå på aktuelle tiltak for å gjere dette meir attraktivt slik at tilsette i større grad gjennomfører ynskt kompetanseutvikling.
 - vurderer å etablere ein arbeidsgjevarpolitikk og arbeidsgjevarstrategi som synleggjer korleis ein skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar ovanfor både nye og eksisterande medarbeidarar.
 - i samarbeid med einingsleiarar og tilsettere representantar arbeide med dei tilhøva som vert tatt opp i 10-faktor og spørjeundersøkinga.
 - følgjer opp at medarbeidarsamtalar vert gjennomført i samsvar med interne rutinar
 - gjennomgår og drøftar korleis kommunen og leiarane på ein god måte kan følge opp medarbeidarsamtalane både på individnivå og på einings- eller sektornivå.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggja fram ein skriftleg framdriftsplan for korleis og når tilrådingane skal følgast opp. Framdriftsplanen bør leggjast fram for kontrollutvalet med kopi til kommunestyret til neste kontrollutvalsmøte 2024.
4. Kommunestyret ber om at kontrollutvalet får ei skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan 3. kvartal 2024.

23/23 RAPPORT FORVALTNINGSREVISJON

Saksvedlegg:

Rapport frå forvaltningsrevisjon «Kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk»

SAKSOPPLYSINGAR

Kontrollutvalet har motteke forvaltningsrevisjonsrapporten «Kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk» datert 15.09.23 frå revisor Ragnhild Kartveit Høyland, Vestlandsrevisjon IKS.

Kontrollutvalet skal handsama rapporten i møtet, og sende denne vidare, med framlegg til vedtak til kommunestyret. Kontrollutvalet kan drøfta tilrådingane frå revisor, og korleis kontrollutvalet ynskjer å be kommunestyre følge opp rapporten, i møtet.



Forvaltningsrevisor Ragnhild Kartveit Høyland stiller i møtet for å presentere rapporten.

Bakgrunn

Forvaltningsrevisjonsprosjektet «Kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk» er tinga av kontrollutvalet i Austrheim kommune i sak 35/22. Prosjektplanen vart godkjent i kontrollutvalsmøte 21.09.22 i sak 45/22. Tema for revisjonen er heimla i vedteken Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 for Austrheim kommune. Vestlandsrevisjon IKS har arbeidd med forvaltningsrevisjonen hausten 2022 og våren 2023.

I høve § 23-3 i kommunelova, og forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 4 og 5 ligg det til kontrollutvalet sitt arbeidsområde å følge opp arbeidet med forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet skal både rapportera til kommunestyret om resultatane av forvaltningsrevisjonar, og sjå til at kommunestyret sine vedtak vert følgd opp, og rapportera til kommunestyret om dette. Revisor er den som utfører forvaltningsrevisjon på vegne av kontrollutvalet og kommunestyret. Føremålet med forvaltningsrevisjon er å sikra tilsyn med at forvaltninga i kommunen skjer i samsvar med gjeldande retningslinjer og vedtak, og at det skal utførast systematiske vurderingar av bruk og forvaltning av kommunen sine midlar med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat.

Føremålet med denne forvaltningsrevisjonen er i rapporten beskrive likt som i prosjektplanen:

Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å undersøkje tilhøve innanfor kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk innanfor omsorgssektoren i Austrheim kommune.

Dei fire hovudproblemstillingane samsvarar med problemstillingane som var sett opp i prosjektplanen:

1. Nyttar kommunen kartlegging og analyse av kompetanse innanfor omsorgssektoren for å arbeide med framtidig kompetansebehov?
2. Arbeider kommunen målretta for å vere ein attraktiv arbeidsgjevar?
3. I kva grad er kommunen ein attraktiv arbeidsgjevar, sett frå eigne tilsette, leiarar og tillitsvalde sin ståstad?
4. Kva system har kommunen for å la tilsette medverke i utforminga av eigen arbeidssituasjon og korleis opplever dei tilsette dette?

Rapporten er strukturert med eit oversiktleg samandrag fremst, og deretter ein grundig gjennomgang av tema for tema. For kvar problemstilling gjer revisor greie for revisjonskriterium og funn før dei gjer greie for sine vurderingar.

Forvaltningsrevisor har med bakgrunn i sine undersøkingar sett opp framlegg til tilrådingar til Austrheim kommune:

- informerer dei tilsette om innhaldet i kompetanseplanen og gjer denne kjent i organisasjonen
- vurderer å gjennomgå dei ordningane som er for vidareutdanning saman med tilsettere representantar og einingsleiarar og samle innspel til kva det eventuelt er som gjer at



ordningane ikkje blir vurdert som gode og sjå på aktuelle tiltak for å gjere dette meir attraktivt slik at tilsette i større grad gjennomfører ynskt kompetanseutvikling.

- vurderer å etablere ein arbeidsgjevarpolitikk og arbeidsgjevarstrategi som synleggjer korleis ein skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar ovanfor både nye og eksisterande medarbeidarar.
- i samarbeid med einigsleiarar og tilsettere representantar arbeide med dei tilhøva som vert tatt opp i 10-faktor og spørjeundersøkinga.
- følgjer opp at medarbeidarsamtalar vert gjennomført i samsvar med interne rutinar
- gjennomgår og drøftar korleis kommunen og leiarane på ein god måte kan følgje opp medarbeidarsamtalane både på individnivå og på einings- eller sektornivå.

Sekretariatet si vurdering:

Revisor har følgd strukturen som er beskriven i planen, og svara ut dei problemstillingane som er sett opp. Sekretariatet anbefalar kontrollutvalet å stille seg bak revisor sine tilrådingar og gjere vedtak om at kommunestyret ber kommunedirektøren å følge opp desse.

Saksvedlegg: Rapport frå forvaltningsrevisjon «Kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk»